

Varg i veum eller kulturhøvding?

Vetle Vislies framstilling av
Aasmund Olavsson Vinje, primært
sett i lys av Moltke Moes omgrep
«Det mytiske tænkesæt»

Sveinung Nordstoga

Blant dei mange pionerane i målrørsla var Vetle Vislie (1858–1933) ein av dei aller mest allsidige. I tillegg til ein stor skjønnlitterær produksjon var han aktiv litteraturmeldar, han var rektor og norsklærer i lærarutdanninga i mange år og han var den fyrste biografen til Aasmund Olavsson Vinje. Biografien kom i to utgåver, den fyrste i 1890, den andre i 1929 – og om denne siste seier forfattaren avslutningsvis i føreordet: «Eg torer segja at det stort set er ei ny bok eg no endeleg hev fenge ferdig om flogvitet Vinje» (Vislie 1929 s. 5). Vislie kan ha rett i noko av dette. Kjeldetilfanget er utvida, og myteskapinga er enda tydlegare i den nyaste utgåva.

«Det mytiske tænkesæt»

Skal ein så undersøkje denne mytedanninga nærmare, kunne ein sjølvsagt brukt moderne innsikt om det mytiske på Vislies framstilling. I staden har eg gått til ein sentral person i hans samtid. I 1888 heldt den ferske professoren i folkloristikk ved Det Kgl. Frederiks Universitet i Kristiania, Moltke Moe, ei forelesingsrekke om «Det mytiske tænkesæt», og stoffet kjem seinare ut i bokform (Moe 1926 s. 265 ff). Moe er langt på veg samtidig med Vislie, slik at bruk av denne kjelda kan sjåast på som ein freistnad på å gå inn i ein historisk situasjon på historias eigne premissar. Dessutan hadde Moltke Moe ein sterk posisjon i både landsmåls- og riksmålsmiljø som var engasjerte i fornorskingsarbeid (til dømes som språkkonsulent til lesebokredaktør Nordahl Rolfsen), og dermed er han sentral i nasjonsbygginga.

Moes synspunkt blir tolka, på same måte som Vislie blir tolka. Ein kan kanskje stå i fare for å begå eit hermeneutisk harakiri. Likevel er myteomgrepet til Moe svært konkret formulert, det synest råd å bruke og det er allment og grunnleggjande ved at det går ut over forståingsrammene til folkloristikken.

Det berande spørsmålet eg såleis stiller meg er dette: I kva grad er myteomgrepet til Moltke Moe gyldig og relevant i framstillinga Vetle Vislie gjev av Vinje i dei to biografiane? Som ei naturleg forlenging av dette vil eg også kommentere Vinje-framstillinga som Vislie gjev i to viktige samtidige tekstar – direkte i litteraturhistoria *Boksoga for lærar- og ungdomsskular* (fyrsteutg. frå 1901), indirekte som medredaktør i *Lesebok for folkeskulen* (1906).¹

Moes myterefleksjonar er prega av tilbakeblikket. Det å rekonstruere gamle førestillingar er ei form for kreativ fantasiverksemd som heng saman med tilhøvet mellom fantasi og forstand. Han framhevar det å tenkje i bilete som eit viktig trekk ved det mytiske. I slike høve fungerer ikkje biletet og *bruk* av bilete saman. Fantasi

og forstand verkar ikkje saman, men dreg i ulike retningar. Ein *blir verande* i ei bileteleg og fantasifull førestilling, det er den som er objektiv og verkeleg.

Brukt på tilfellet Vinje kan ein såleis spørje seg i kva grad han blir verande i biletelege førestillingar, eller sprengjer han seg ut av desse og blir rasjonell argumenterande? Begge desse trekka har som vilkår ei sterk diktarisk kraft, «en løftet stemning», eller «en sterk indre bevægethet» (Moe 1926 s. 266).

Etter at Moltke Moe innleiingsvis i «Det mytiske tænkeset» understrekar at eventyra er i strid med «alle logikkens og erfaringens lover», framhevar han den diktariske skaparkrafta som ligg bak. Her bruker han nettopp orda «en sterk indre bevæghet-het», ei indre kraft som let seg bevege. Fantasien oppstår ikkje i eit tomrom, den er eit resultat av eit fenomen, ein observasjon, ein episode som set i gang fantasien som igjen uttrykkjer seg i form av stemningar: «[S]temningen er fantasiens vibrering», skriv Moe. Fantasien er altså «evnen til reproduktion av gamle forestillinger», heiter det (Moe 1926 s. 266).

Ved å bruke *mytisering* konkretiserer han det å dikte som fenomen. Den skapande diktinga har sine føresetnader i «digt-røtter», som igjen er utslag av

en foreteelse som sætter fantasien i svingning, skyter alskens fantasi og forestillingsminder sammen som et krystalliasionscentrum – plutselig, af sig selv, usøkt og uvilkaarlig, uten viljesimpuls vækkes minde efter minde, vækker den ene forestilling den anden» (Moe 1926 s. 268).

Moltke Moe konkretiserer det mytiske, og han set det inn i samanhengar ein kan kjenne att frå dagleglivet, så å seia. Samstundes har han kanskje eit noko mekanisk syn på gjenskinga av minne og førestillingar. Han snakkar om «reproduktion» og

ikkje rekonstruksjon. Likevel kan desse momenta prøvast ut på Vislies tekst – fokus på skrivemåte vil likevel få fram konstruksjonsaspektet. Framstillinga gjev seg ut for å vera ein biografi, ikkje ved ei direkte sjangernemning, men ved undertittelen «Liv og diktning». Boka er altså ei forteljing om ein viktig diktar som (truleg) blir framstilt som ein mytisk figur (jf. Mikhail Bakhtin som understrekar også *det fortidige* sin plass i mytedanning, sjølv om han tek utgangspunkt i romansjangeren (Bakhtin 1981 s. 147)). For eggår nærmare inn på Moltke Moes myteomgrep med tanke på Vinjes tekstar, må Vetle Vislie presenterast nærmare, som sentral i Vinje-resepsjonen.

Vislie og Vinje-resepsjonen

Vetle Vislie er ein våre mest kjende *norsklærarar* og gav som nemnt ut ei viktig litteraturhistorie, som har blitt brukt i fleire generasjonar i norsk lærarutdanning.² Her formidlar Vislie eit Vinje-bilete som på tydeleg vis skal høve inn i ein nasjonsbyggings- og norsksdomsideologi. Me veit også at Vislie var svært viktig i redigeringa av tredje bindet av *Lesebok for folkeskulen* (1906), som Andreas Austlid redigerte. Tvillaust står Vislie inne for den Vinje-teksten som er med her, sjølv om den er skriven av Ivar Mortensson (Nordstoga, 2011 s. 158 ff). Gjennom desse tre tekstane vil ein altså få eit visst inntrykk av korleis Aasmund Olavsson Vinje blir formidla til ålmenta, til lærarstudentane og til folkeskuleeleven. Dei to utgåvene av biografien blir lagde mest vekt på, sidan dei er dei største verka og finst i to utgåver.

Det kan også vera verdt å minne om at Vetle Vislie var ein kjent litteraturkritikar. I verket *Norsk litteraturkritikks historie* framhevar ein Vislies melding av *Sult*, ei melding som for så vidt er både representativ for tida, men også moderne i si individualisering

av svolt-kjensla. Den legg meir vekt på det fysiologiske aspektet enn det naturalistiske (Vassenden 2016 s. 92)

Biografiforskar og professor Marianne Egeland meiner at dei fleste norske litterære biografiane er «apologetiske og hagiografiske» (Egeland 2000 s. 60) (ho nemner biografien *Aasmund Vinje. Eit dikt om det frie ord* (1921) – på vers – av Idar Handagard som eit typisk døme (fyrste utg. 1919, trykt i boka *Folkekrav*)). Merkelappen til Egeland høver også på biografien til Vislie. Den særskilde høvdingkulten ein kunne finne i landsmålsmiljø er ein variant av denne hagiografiske biografitradisjonen. I si avhandling om Kristofer Uppdals lyrikk fører førsteamanuensis Mads B. Claudi ideologiske spor tilbake til professor Ernst Sars som igjen introduserte den britiske historikaren og essayisten Thomas Carlyle for norsk ålmente i *Ny Norsk Tidsskrift* i 1878. Tida vil snart koma for dei stor menn i historia, seier Ernst Sars, når ein etter kvart frigjer seg frå «den naive traditionelle Forestillingsmaade» (Claudi 2016 s. 154). Det skulle vise seg at Sars fekk rett. Ein dokumentasjon over denne kulten er professor Olav Midttuns utgjeving *Mål og menn* frå 1968 som inneheld mange kortare biografiske tekstar frå om lag 1920 og framover (opphavlege talar og kortare artiklar).

Den same Olav Midttun sat på eit stort materiale og planla å skrive den store «Vinje-boka», men prosjektet blei aldri realisert. Rett nok gav han ut den vesle biografien *A. O. Vinje* i 1960, men dette er berre ein kortversjon.

Den kjende avhandlinga til professor Sigmund Skard, *A. O. Vinje og antikken*, frå 1938, er ikkje ein biografi, men innleiingsvis blir Vinje-resepsjonen kategorisert. Dei samtidige med Vinje, til dømes Ernst Sars, såg på han som ein som var annleis, ein kuriositet, ein harlekin, med spesielle lyriske evner («harlekin-synet»). Andre samlar seg om det organiske synet. Ein prøver å sjå Vinje ut frå eit vokstersyn. Bak det omflakkande

og skiftande livet, som berre er overflatefenomen, skjer det ein vokster der Vinje utviklar seg til ein stor kulturpersonlegdom (representantar for dette synet er professor Halvdan Koht, Vetle Vislie og Olav Midttun) (jf. omtalen av denne todelinga i Skard 1938 s. 9 og Vesaas 2001 s. 11).

Vislie, som ideologisk og litterær premissleverandør, er sentral i utforminga av Vinje-biletet, i dei fyrste tiåra etter hans død. Knappt nokon diktar var så mykje omdiskutert i si levetid, og knapt nokon har så ulike resepsjonshistoriske linjer knytte til sitt namn. I tillegg til Skards todeling kan ein trekkje ei kronologisk linje. Etter Vislies mytisk-nasjonale framstilling, markerer Sigmund Skards doktorgradsavhandling ei ny retning mot antikken og på 1980-talet kjem dei viktige ny-lesingane til Sveinung Time (1982) og Jon Haarberg (1985) som legg vekt på karnevalisme og Bakhtins teoriar om latteren.

I si framstilling av Vinje-resepsjonen vurderer Erik Bjerck Hagen både Skards klassiske og idealistiske Vinje-syn og også Times og Haarbergs «bakhtinisme». Han konkluderer med at dei meir pragmatiske lesingane til professor Francis Bull, Ernst Sars, Olav Midttun og Vetle Vislie på ein måte gjev eit rettare bilete av dikteren og fenomenet Vinje enn Skard, Haarberg og Time som har tydelege ideologiske premisser for sine lesingar (Bjerck Hagen 2019 s. 526). Utan å støtte dette synet forsterkar det likevel inntrykket av Vislie som nyansert og open i si tilnærming, sjølv om også han har sin ideologiske agenda.

Det seier seg sjølv at denne høvdingkulten, som påviseleg finst i landsmålmiljøet på denne tida, innbyr til myteskaping. Min hypotese er at Vislies framstillingar har sterke mytiske trekk som igjen har verka svært styrande for seinare oppfatningar. Det er heller ikkje urimeleg ein slik hypotese stemmer når ein ser på den svært sterke stillinga Vinje fekk som nasjonal samlingsfigur i landsmåloffentlegheita, til dømes som midtpunkt i

stemne-kulturen til ungdomslaga tidleg på 1900-talet (Grepstad 2006 s. 129).

To biografiar – ein biografert?

Det er viktig å ha i bakhovudet at biografien til Vislie, begge utgåvene sett under eitt, er, som eg har vore inne på, ei variert og balansert framstilling på mange vis. Han trekkjer inn mange kjelder, spesielt slike som kan kaste lys over debattanten Vinje – ei side som han bruker vel så mykje plass på som den skjønnlitterære forfattarskapen og reiseskildringane. Innramminga er hagiografisk, men innhaldet elles har mange perspektiv, og Vislie stiller seg også kritisk til mykje av det Vinje skriv og står for (jf. Bjørnson-debatten). Ofte er det litteraturmeldaren Vislie som skin igjennom, i t.d. tidlege dikt og i omtalen av *Storegut*. Trass i desse nyanseringane skal eg no drøfte om myteomgrepet til Moltke Moes let seg bruke på Vislies Vinje-framstilling.

Den utvalde

Vetle Vislie bruker ein del plass på å skrive om Vinjes bakgrunn – om slekta, landskapet og det mytiske Telemark. I den fyrste utgåva skriv han om landskapet og korleis dette varierer, og som viser korleis dette kan ha fantasiskapande kraft. Dette fungerer i biografien retrospektivt, Vislie ser tilbake på dei diktarføresetnadene som ligg i oppvekstvilkåra. Slekt og landskap – og slett ikkje sosiale tilhøve – står i fokus. Guten veks opp i skiftande landskap, og dette *skaper* så å seia kunstnaren. Det blir klårt korleis landskapet både stimulerer fantasi, lengt tilbake og framkalling av minne:

I ei sovori Natur fær Stemningar Magt yver Manna-Hugen. Er du fyrst så lagad, at du kann kjenna dette velduge Tunglynde

i Naturi yver deg, og hev du som Vinje livt deruppe millom desse Fjelli som Barn og Ungdom, eit Liv i tunge Sorger og lyftande Augneblink, so hev du fenget Merkje av det, som stend all din Dag. Jamnt og stødt sidan vil du kjenne deg i Ætt med denne tunglynde, einsame Øydemarki og lengta mot henne.
(Vislie 1890 s. 9)

Denne blandinga av nostalgisk lengt og romantisert syn på kausaliteten landskap-kunstnar blir forsterka i andre utgåva, og i tillegg sper han i sine raseteoriar. Telen er ei samanblanding av breiskallarr og langskallar, av innflytte hordar og ryger og folk austantil. Slik oppstår altså telemarking, og flogvitet Vinje er ein ekte telemarking, med «den store hugen, livleg fantasi og sterke kjensler». På botnen, står det vidare, finst «tungt alvor, sorg, saknad, men lått og skjemt i munnen» (Vislie 1929 s. 14). Det er heller ingen ulempe at det ikkje har vore noka særleg innblanding av «det framande Blod» i den 800 år gamle ættelekkja (ibid. s. 19).

Ein markant skilnad mellom bøkene er profilen på innleiinga. I 1929-utgåva blir flogvitet grundig kommentert innleiingsvis, i motsetnad til i fyrsteutgåva som legg vekt på at Vinje var av rein bondeætt. Romantikaren Vislie syner seg når han skriv om flogvitet. Hans litteratursyn hadde i seg sterke estetiske komponentar, og han har pga. litterær legning sans for det romantiske og mytiske. Idar Stegane skriv: «Vislies lyrikkomgrep, som er styrande for hans vurdering av Vinje, er frå vår stode strengt estetiserande, og dermed trongt» (Stegane 1987 s. 136). Han blei nok ikkje heilt akseptert som ein fullgod forfattar av dei som stod for ein markert realistisk poetikk (Løland, Tvedt). Medan hovudpersonen Vinje forfektar eit syn på geniet som den som går i strid og brøyter nytt land på mange område, støttar biografen seg på synet på geniet som ein utvald. Nokre metaforiske

utsegner viser det: «Vinje hadde i seg den utøymande og veldige drivkrafti som sermerkjer flogvitet. [...] [H]an opna si ånd for alle strålar i åndsheimane. [...] [H]han var so rik at han *måtte* tala og skriva» (Vislie 1929 s. 8–9). Som me ser er dette den krafta som Moe skriv om, dette er sinnets «bevægethett» og den ånda som skaper ei «løfted Stemning».

I fyrsteutgåva har Vislie problem med å setje Vinjes liv i perspektiv, mykje pga. tidsavstanden. Han ser at Vinje har vore viktig, men veit ikkje heilt kva han eigentleg har betydd («Eit barn av eit uferdugt Folk, veik og vinglande i si ærekjensle som Nationen sjølv» (Vislie 1890 s. 357)). Typisk for den litterære Vislie meiner han at det er diktaren Vinje som kjem til å bli ståande (sst.). Skilnaden mellom dette opne og prosessuelle synet på Vinje opp mot vektlegginga av flogvitet, vil ein ikkje minst oppdage når ein samanliknar omtalen av *Ferdaminne* i dei to utgåvene.

Rekonstruksjon av fortida og satirisk brodd

I 1929-utgåva let Vislie oss møte, ikkje berre den journalistiske reporteren, men også Vinje som ein romantisert og lengtande skapnad. Her gjeld i høgste grad Moltkes Moes ord om å la seg vekkje opp og få ny erkjenning av fortida. Fenomen – augnesyn – set i gang fantasi og stemningar. Diktet «Ved Rundarne» blir nemnt. Dette kanskje mest kjente augnesynet i norsk litteratur gjev Vislie att med sine ord: «Han vaknar liksom til nytt liv når han gjeng yver endelause flottes og flyer og ser fjellpiggane stiga fram med blågrå hettor yver hovudet, medan soli fargar fjell og flott med sin himmelske eld» (Vislie 1929 s. 144). Kva dette synet betyr for Vinje sjølv, kjem fram i dei to fyrste versa i tredje strofe i diktet «Ved Rundarne»: «Alt er som fyrr, men det er meir forklaarat, / so Dagens Ljos, meg synest meir bjart» (Vinje 1897 s. 118). Den same type oppleving lyfter Vislie fram,

ikkje overraskande, når Vinje kjem til Drivdalen og gjev att diktet «Drivdalen». Han høyrer mellom anna «Naturens store /og friske, glade Hjarteslag». Den store livets rytme er fanga i desse orda. Det er elles slåande kor sanseleg Vinje er når han skildrar desse openberringane, til dømes i dei siste orda før «Ved Rundarne», som Vislie ikkje nemner: «turkande Sveitten af Panna mi», skriv Vinje (Vinje 1975, s. 45). Berre bruk av presens partisipp her fører lesaren naturleg inn i diktet. I episoden ved Drivdalen siterer ikkje Vislie dei to siste strofene, der den siste er både mytisk og sanseleg: «Kver Sin og Segi stram seg spenner; / og løyst eg er av alle Baand / og på mit Hovud liksom kjenner / eg Livets varme, signad' Haand». (Vinje 1897, s. 121).

Det er neppe grunnlag for å meine at Vislie medvite har gjort Vinjes opplevingar mindre sanselege, men det er likevel eit poeng at han siterer heile fem av dei seks strofene frå diktet «Fraa Sundnes» («Her ser eg fagre fjord og bygder»), og kommenter dette – og ikkje dei to før nemnde dikta. Diktet handlar om korleis ein sommarkveld på Sundnes på Inderøy framkallar dei gamle kjempene og dei gamle heltane. Vinje kjenner seg i slekt med «slike som kunde skjemma med sine eigne sår». Her blir fortida rekonstruert: «I myrke Villa tidt dei ravad/men endaa er det sanne Ord/ Dei aatte det som du må hava/om ein gong du skal verda stor» (Vislie 1929 s. 146). Det er ein klokskap som dei gamle kjempene stod for som ein ikkje må gløyme, men heller ta med seg – dei gamle germanske heltane, gudane, vikingane, rydningsmennene, bondeførarane stod for verdier og allmenngyldige eigenskapar. Vinje argumenterer ikkje for dette, men framkallar dei i eit syn, og i form av eit dikt.

I fyrsteutgåva har ikkje Vislie med slike framkallingar. Her blir heller Vinje til ein bygdesosiologisk observatør og aktør som ikkje legg noko i mellom når han kritiserer dagleglivet på bygdene, så som i den kjende skildringa av grauten på Grut som Vislie gjev

god plass. Me augnar kontrastane i verket *Ferdaminne*: Fattigsleg liv, mangel på reinsemd, ulik arbeidsfordeling, gamle og nedervde tankemåtar sett opp mot hjartelege opplevingar langt inn i dei mytiske sfærane. Det er verdt å merke seg at han nemner verken dikta «Ved Rondane» eller «Drivdalen» i denne utgåva.

I det heile er det skilnader på korleis *Ferdaminne* blir introdusert. I den eldste utgåva blir brodden i framstillinga trekt fram – det satiriske åtakket mot alskens nasjonalromantiske oppfatningar av bondelivet. Vislie seier at boka er «satirisk, av di han med bitande Spott og ærleg Harme tek den falske Glimen og Glansen av Bondelivet og syner det fram i all si Armod» (Vislie 1890, s. 159). Men det er ingen vanleg satirikar Vislie vil lyfte fram. Det er liksom det bur fleire «tidsaldrar» i han, og dei mange andleta til Vinje, som han viser lesaren i *Ferdaminne*, blir framheva. I 1929-utgåva finn ein noko av dei sama synspunkta, men her blir Vinje framstilt mindre polemisk. Som ein konsekvens av den retoriske-språklege sjølvframstillinga som *Ferdaminne* er, må ein sjølv sagt ha ei kritisk haldning til sanningsgehalten i teksten. Dette poenget ser Vislie, medan Halvdan Koht let seg rive med av nasjonal patos, ifylgje Bjerck Hagen (2019, s. 517).

Dramaturgien

Ein biografi har alltid ein innbakt dramaturgi, om enn biografen prøver ut nye framstillingsformer. Eit viktig stadium i Vinjes liv er avskilet frå Mandal og det at han kjem til Kristiania. Han entrar altså ein ny scene, kjem i eit nytt miljø og gjer seg med ein gong gjeldande i kulturlivet. Det er på mange vis Kristiania, med sitt meir og meir pulserande og politiske miljø, som *skaper* Vinje. I fyrste utgåva blir denne nye livsfasen introdusert, etter svært realistiske mål: «[M]en daa han var komen derinn, og dei 10 Dalarne, han hadde med, var Ende, vart han so sutfull

og tunglynd, at han totte, han ikkje kunde liva» (Vislie 1890, s. 54). Historia om det tenkte sjølv mordet, ved å la seg verve til militærteneste, slik at ei «ærleg Kule» kunne ta livet av han, blir også nemnt. I 1929-utgåva er introduksjonen heilt annleis:

Då Vinje, 30 år gamal, kom til Oslo, hadde han alt fenge noko av den åndssvipen som vart sermerkt for honom gjennom heile livet. Han var langtfrå ferdig med si utvikling; men me ser alt den kâte, uvyrdne spottaren som hadde stor evne og god vilje til å driva gjøn med fåkunne og trongsyn, med alt tilgjort og uekte» (Vislie 1929 s. 66).

Ein kan som nemnt rekne Vislies biografi til den hagiografiske tradisjonen, der ein premiss for framstillinga er meir *ethos* enn *praxis*, omgrep som var viktig for ein av grunnleggjarane av sjangeren, grekaren Plutark (Walton 2008 s. 27). I denne passasjen blir det viktig for biografen å understreke nettopp dette ethos. Noko er på gang: Vinje har to i seg til å bli ein ny og uredd førar for mange av dei nasjonale og kulturelle verdiane som Vislie sjølv kunne stå inne for.

Sakprosa, syn og tanke

Idet me nærmar oss sakprosaen til Vinje melder ein ny innfallsvinkel seg, nemleg den distinksjonen som Moe gjer mellom biletet/synet og tanken. Bilete og tanke fungerer i hop på så mange vis i Vinjes sakprosa, kan ein forvente. Men korleis organiserer så Vetle Vislie stoffet sitt her?

La oss fyrst understreke dette: Vislie gjer ikkje Vinje til eit psykologisk kasus, ein særling, ein original, ein skjemtegauk som vingla hit og dit, slik ettertida har gjort han til i fleire tilfelle (jf. utsegna til Jon Haarberg: «Vinje-litteraturen er i sin

grunntendens psykologiserende og biografisk» (1985 s. 17)). Likevel *minner* mykje av det biografiske tankegodset om dette.

Vislie skriv dette når han karakteriserer bladmannen Vinje:

Han var ikkje godt fallen for rein abstrakt tenkjing. Kjensle og hugsyn var sterke i honom og førde honom ofte bort frå den strake logiske tankevegen. Han gjorde seg fort ferdig med den Hegelske filosofi, og hadde ingen stor vyrndad for den deduktive og reint abstrakte tenkjemåten. Det hōvde betre for honom å halda seg til det konkrete. Han var ingen kaldklok tenkjar, men eit menneske med varmt blod og stor ofse, sterk i samhug og mothug. Det er mykje av vårleg æsing og uro i huglyndet hans, og difor skifter han ofte meining ettersom hugen driv honom; men difor hev også hans dikt og prosa so sterke fargar (Vislie 1929 s. 278).

Utsegna er mangetydig. For det eine er dette eit dōme på den psykologiseringa som Haarberg meiner Vinje har vore utsett for. Den abstrakte og logiske evna må vike for kjensleladde innfall og utfall. Og ikkje minst greier ikkje Vinje å slutte noko på eit abstrakt nivå ut frå observasjonar. I alle fall greier han ikkje å vera konsekvent i si tenking. Han blir altså «verande» i sitt bilete – slik Moe er inne på – og greier ikkje på ein fullgod måte å trekkje logiske slutningar av det han ser og oppdagar.

Utsegna seier truleg meir om Vislie enn om Vinje, kan ein vera freista til å hevde. Vislie skaper ein motsetnad mellom den logiske tenkinga – som er «kaldklok» – og den subjektive og konkrete opplevinga. Dette er ein refleks av Vislies eigen estetikk, og han gjer Vinje til ein vulkan av kjensler og kjenslekraft, og slett ikkje til ein «tankens hærmann» (jf. undertittelen til biografien til Olav Vesaas (2001)). Vinje blir altså verande i den mytiske sfæren, også når Vislie skriv om bladmannen og journalisten.

Denne oppfatninga blir stadfest når han omtalar Englandsferda. Vinje «dømer ogso i dette verket subjektivt, um han enn hev streva etter å vera objektiv og grunngev sine slutningar» (Vislie 1929 s. 163). Framleis er Vinje ingen sterk logikar – «Bretland og Britarne» er primært ei ærleg bok, er Vislies poeng.

Mangel på abstrakt tenking?

Korleis grunngev Vinje sine meiningar? Svært ofte – ja, dette er ein gjennomgåande retorisk strategi – forklarar Vinje eit fenomen med ei historie, for å samanlikne og gje døme. Derfor trekkjer han ingen konklusjon basert på logiske tankerekkje. Men det som Vislie overser, er at dei historiene og hermene han fortel kan vera slåande og presise metaforar på eit saksforhold, og til overmål er dette ofte vittige, humoristiske og overraskande formuleringar. Vislie overser det saklege innhaldet i biletlege framstillingar, og han undervurderer også den retoriske krafta i spissformuleringar og overdrivingar. I det heile blir Vinje-tekstane alltid sett i eit referensielt tilhøve til røynda, og med det ikkje vurdert som retoriske sjølvframstillingar.

Vinje ser mykje konservatisme og etnosentriske tankemåtar i England – «dei tror banna paa at deira samfunn er det beste i verdi». Han svarer med denne historia: «Det er eit gamalt Eventyr om ein Trollmann, som kunde kringganga og fjetra ein Fuglehop» (Vislie 1929 s. 162ff). Grunnleggjarane av det engelske samfunnet må ha vore som denne trollmannen, for «dei Britiske aandir kunna heller ikkje koma ut um den Ring». Dessutan skrik ikkje desse fuglane. Kulturlivet i England bryt altså aldri ut av det britiske, det er stillteiane semje om kva kultur er og korleis den skal formidlast. «Fastlands-Nationarne hava fritt seg ut fraa denne Trolldom», meiner han. Vislie konkluderer med at kritikken av Bretland og Britarne er «einsynt og ikkje

alltid rettferdig». Dermed markerer han indirekte avstand til Vinjes retoriske biletleggjingar, medan han i fyrste utgåva frå 1890 stiller seg nøytral: «Eg hev ikkje noko med aa døma um, anten Vinje hev Rett eller Urett i sine drjuge Skuldingar mot det britiske Samfundet» (Vislie 1890, s. 197). Ein kan hevde at denne historia fungerer som eit døme på eit sakstilhøve. Vinje både forklarar og opplyser ved hjelp av skildringa av trollmannen.

Ein annan tekstpassasje, om lag i same gate, er eit anna døme på Vinje retoriske strategi. Slik illustrerer han kor kapitalistisk den engelske mentaliteten er. Ein gut gjev andre lov til «at draga ein sinnad Katt etter Rumpa nedetter den nakne Ryggen hans mot å leggja tolv Skilling i Bitaling. Han var ein ærleg og strævsam Kar; men han hadde mest ein religiøs Age for Pengar, som störde honom til desse Sjølvpinslur» (Vislie 1929 s. 158). Denne mannen har altså kome langt i engelsk tankegang, konstaterer Vinje. Han refererer små episodar, pussige personar eller tankevekkjande hendingar frå dagleglivet. Slik denne utsegna fungerer, som Vislie trekkjer fram i begge utgåvene, ser ein at Vinje blir verande i biletet, i historia og i det han fortel. Berre ei setning til slutt lagar ei kopling til saka. Med andre ord blir også Vinje her tilbakeskodande, sjølv om dette ikkje er eit eventyr, men eit personleg minne frå hans side.

I andre utgåva har Vetle Vislie som nemnt med eit langt kapittel om «Bladmannen Vinje» (Vislie 1929, s. 277ff.). Om Vislie ikkje meiner han har anlegg for abstrakt tenking, blir likevel den sterke åndskrafta til Vinje lagt vekt på. Han er den som er orientert om nye straumdrag i tida, og han kan som diktar og bladmann, «lik som stå på Olymp og sjå fritt ut yver dei tankevisser som opna seg for den mannen som heilhuga fylgde med i alt framsteg» (ibid. s. 279). Det slår åndeleg gnistar av sakprosaen hans, akkurat som det gjer av diktinga.

Samanfattande om biografien

Me kan slå fast at Vislie i andre utgåva i svært liten grad skriv om Vinjes retoriske praksis, men heller om dei vilkåra som gjeld for Vinje – som eit geni frå folkedjupet – i det å verke som ein «tankens hærmann» for det norske folket. Med rette blir Vinjes sakprosa oppfatta som eit uttrykk for «sindets bevægethet», som Moltke Moe skriv om. Som bladmann er også Vinje ei åndeleg kraft som kan bevege lesarane, som kan vera impulsiv og subjektiv. Det er «mykje av vårleg æsing og uro i huglyndet hans» (Vislie 1929 s. 278). På bakgrunn av dette skulle ein tru at Vinjes personlegdom er til hinder for hans eige arbeid. Sjølv om Vislie meiner at personlegdomstrekk kan ha verka som stengsel for verksemda hans, er likevel framstillinga balansert. Pga. av den eldfulle fantasikrafta greidde Vinje å rive ned «gamle fordommar og forelda synsmåtar», trass i at han, ifylgje biografen, altså ikkje hadde nokon særlege evner for abstrakt tenking.

Moltke Moes poeng om at den diktariske skaperakta må vera ein konsekvens av ein indre «bevægethet», kjem til uttrykk når Vislie skal konkludere og summere opp den andre utgåva av biografien sin. Myteaspektet er markant, og han skriv at «skal me leita inn til det inste og beste i dette merkelege og mangslungne menneske, so må me taka for oss hans *personleg-lyriske diktning*, som ikkje hev noko anna formål enn å tolka sorg eller glede» (Vislie 1929, s. 249) (forf. uth.).

Verdt å merke seg er at denne karakteristikken er eit stykke frå den tankemåten når han vurderer Vinje i 1890-utgåva. Her minner han om at ein må ikkje gå den villfaringa at Vinje berre er ein idyllisk skapnad. Kjernen, «mergen», i diktninga til Vinje er «den sterke grovslegne realismen», skriv han. Og ein må hugse på den «aldri trjotande *Ironien* yver seg sjølv og andre» (Vislie 1890 s. 322) (forf. uth.), og han framhevar intelligensen

og kunnskapen som sider ved Vinjes verksemd som gjer han til ein, som på fleire område, viste veg. I det heile legg Vislie i denne utgåva vekt på ironi og satire, til dømes når han understrekar at heile *Ferdaminne* er ein einaste satire over «dei som vil stengja seg inn» (og dermed sparkar han indirekte til Ibsens Vinje-syn i *Peer Gynt*). Ironi som fenomen får også plass i Vislies drøftingar, også kopla saman med det poetiske (Vislie 1890 s. 261ff). Det er ein kunstnarleg fridom over ironien, og denne poetiske frigjerande leiken kan også minne om den forståing av fantasi-omgrepet som Moltke Moe legg for dagen. Kunstnarsinnet er fritt og uavhengig, og i stendig rørsle. Frå å vera ein kunstens frifant blir Vinje så meir mytisk-konserverande i 1929-utgåva.

Me kan slå fast at Moltke Moes myteomgrep let seg bruke på Vinje-oppfatninga til Vetle Vislie, vel og merke i størst grad i 1929-utgåva. I denne teksten viser døma at Moes myteomgrep er ganske dekkjande.

Trass i at eg har sett på nokre meir eller mindre spreidde døme, og dermed ikkje teke utgangspunkt i heilskaplege vurderingar, meiner eg at desse døme er så pass representative for innhaldet i dei to utgåvene at ein kan konkludere med at Vislies andre utgåve gjer Vinje til ein meir markant mytisk skapnad enn i fyrste bindet. Dette har ikkje berre å gjera med Vislie sjølv. Også trekk ved korleis landsmålssoffentlegheita utvikla seg i perioden 1890–1930 spelar inn. Den blir meir nasjonal, den blir meir og meir prega av ein hyllingskultur og den får stadig større kulturell sjølvtilitt utover på 1920-talet. Stikkord er folkehøgskulane, stemnekultur, landsgymnas og mange landsdekkjande publikasjonar.

Rundt 1930 står altså A. O. Vinje fram som eit stort flogvit med eit sterkt nasjonalt sinnelag i manges auge. Men seinare dette tiåret skulle Sigmund Skard og avhandlinga hans sterkt modifisere dette synet. Vektlegginga på ironi og satire kjem inn i resepsjonen på 1980-talet, og her er ein på sett og vis tilbake til

Vislies fyrste utgåve, som nettopp trekkjer fram det ironiske og den «grovslagne» realismen ved A. O. Vinje.

Boksoga, Bjørnson og Storegut

I 1901 kjem den fyrste utgåva av *Boksoga*. Seinare skulle det kome i alt sju utgåver av verket. *Boksoga* er strekt prega av ein nasjonsbyggingsideologi med vekt på det nasjonale, og i det forteljingsparadigmet som Vislie skriv innafor er det å reise seg etter firehundreårsnatta sentralt. *Boksoga* er også historia om heltar og skurkar, blant dei siste høyrer hanseatane som blir omtalt som dei «framande fantarne» (Vislie 1905, s. 28). Sidan teksten om Vinje er kort, og forfattaren må velje med omhug det som er viktig, er det vel verdt å merkje seg det som han trekkjer fram. Personen Vinje blir skildra; korleis han såg ut, ganglaget, andletsform, nasen og det mykje omtalte skeive auget. Dette er meint som ei pedagogisk tilrettelagd levandegjering, men ideologisk er dette eit utslag av ei interesse for og ei vektlegging av rase og utsjånad (jf. førestillinga om langskallar og breiskallar). Ein kan lett tenkje seg at dette vil føre til myteskaping blant dei komande lærarane som las dette. Skildringa er ikkje berre ei psykologisering, Vinje blir nærmast eit vilt dyr som ikkje er tamd og som ser stygt ut. Vislie bruker fleire gonger uttrykket *Varg i veum* om Vinje (etymologisk: ein ulv på eit heilagt område). I 1890-biografien blir det brukt tre gonger, og i *Boksoga* står det: «for Vinje hadde gjort seg til varg i veum baade her og der med kjeften sin» (ibid. s. 146).

Dikotomien Bjørnson – Vinje lever også i beste velgåande i *Boksoga*: Berre Vinje var i stand til å skildre bondelivet slik det var, i motsetnad til Bjørnson. Det er nok striden om meldinga av *Arne* som dukkar opp på overflata her, og dessutan har ein behov for å skape heltar og degradere motstandarar. For målrørsla

og Vislie var det all grunn til å skape eit skurkeaktig bilete av Bjørnstjerne Bjørnson pga. sviket mot målsaka. Dette er også eit døme på ei pedagogisk og diskursiv tilpassing. I begge utgåvene av biografien målber Vislie ein varsam kritikk mot Vinje som ikkje ser den litterære djupna i Bjørnson (i 1929-utgåva går han lengst i denne kritikken. Vinje blir her samanlikna med ein «pedantisk skulemeister som endeleg skal retta stil, og som strevar hardt for å få låtten laus i klassa» (Vislie 1929 s. 128)).

Verdt å merkje seg er også at Vislie trekkjer fram *Storegut i Boksoga* som det «det beste større verket» (Vislie 1905 s. 147). Dette høver godt i hop med korleis den skjønnlitterære delen, med alle dei kjende dikta, har forrang framfor sakprosaen. Mange av dikta er «ovfagre», skriv Vislie, og med dette synest han å leggje mykje mindre vekt på det ironiske og satiriske, som han skriv mykje om i 1890-utgåva av biografien. Det primære med *Storegut* er at verket skildrar livet i fjellbygdene: «[M]e fær vita korleis dei tenkte og tala, hata og elska» (Vislie 1905, s. 147). Tanken og ideen om det mytiske Telemark står sterkt hjå Vislie, og derfor blir *Storegut* eit ideologisk verk som har brodd mot danskestyret og som syner fram livet i eitt av dei rikaste områda for norsk folkekunst. Men *Storegut* blir også gjort litterært relevant. Det er ei «tiljamning» mellom romantikk og realisme, og linjer til Welhavens dikt blir trekte. Likevel er konklusjonen at Vinjes tekstar skildrar livet som det «røyneleg var».

I denne lærebokteksten er fantasikraft, stemningar og det å bevege lesaren inn i nye tankeverder lagt lite vekt på. Det å skape seg bilete og bli verande der, som Moltke Moe var inne på, blir ikkje ein del av Vinjes poetikk. Snarare er det meir realistiske mål som gjeld når ein vurderer forfattarskapen. Ein får greie på korleis livet i alt sitt mangfald var i fjellbygdene, les ein *Storegut*. Men likevel er denne interessa for fjellbygdene ein del av det å framkalle fortida: Fjellbygdene har eit levesett og kultur som er

det norske og som nasjonen Noreg kan bygge sitt fundament på. Det er altså viktig å lesa *Storegut* for dei nyutdanna lærarane.

Lesebok for folkeskulen

Teksten til Ivar Mortensson om Vinje i Andreas Austlids *Lesebok for folkeskulen*, er i det store heile mindre romantiserande enn Vislie-tekstane me har undersøkt (1906). Ein kunne kanskje forventa at denne høgnorske og mytologiske gjendiktaren av eddadikt ville skape ein mytisk Vinje, men det blir heller lagt vekt på den lesekulturen Vinje vaks opp i, og i tråd med dette korleis han går over til landsmålet. Dette perspektivet på Vinje er pedagogisk. Lesarane, landsmålelevane på bygdene, har tilnærma same oppvekstvilkår som den guten dei les om. «Det dølske» blir det kulturelle springbrettet for han: «han kjenner seg som ein tankens adelsmann imot alle byfolk og flatlandsfolk, for di han er fjellmann». Mortensson formidlar langt på veg eit Vinje-syn som er meir rådande i dag enn i 1906, då denne teksten blei publisert: «Han var så løgjen til aa tala, at det var gaman aa høyra paa. Og aller mest kanskje naar han sat i ein ring av gode vener, daa var det berre so det gneista og spratt *vit og løgje* ifraa honom» (Austlid 1906, s. 296) (mi uth.).

Desse to døma på pedagogiske tekstar om Vinje, syner tendensar som dreg i ulike retningar. Lærarskuleteksten fungerer sterkt myteskapande, og let ideologiske og pedagogiske omsyn trumfe dei litterære. *Storegut* blir trekt fram som viktig, trass i at Vislie i 1929-utgåva skriv at «det er ikkje vanskeleg aa prova at «Storegut» vantar reint kunstnarleg komposisjon» (s. 275). Mortensson-teksten har med eit lesekulturperspektiv, som, overraskande nok, ikkje skulemannen og læraren Vetle Vislie har med.

Den biografiske diskursen og ein konklusjon

La oss vende tilbake til sjangerrefleksjonar omkring den biografiske teksten. Stephen Walton gjer langt på veg Marianne Eglands ord til sine egne når han skriv at ein biografi er meir ein «diskurs» enn ein biografi. Ein diskurs er eit rom der det finst usagde reglar for kva som kan seiast og ikkje seiast (Walton 2008 s. 174–175). Dette er eit poeng: Tekstane til Vislie fungerer som ideologiske leverandørar i ein kulturkamp der landsmåloffentlegheita var på offensiven og var i direkte kulturell konfrontasjon med den danske-norske sida. Uskrivne reglar for myteskaping, heltedyrking og dyrking av det nasjonale var viktige, for dei funge fyrst og fremst innafor eit klart «avgrensa omgrepsmessige rom», slik Aasen-forskaren Walton uttrykkjer det.

Trass i alle diskursive reglar som gjeld, greier Vetle Vislie å skape interessante tekstar i kraft av sitt kraftige, men balanserte, engasjement. Og det er ei viss rørsle i innhaldet, ser ein desse tekstane under eitt. Vinjes rabulisme glir over i å framstille han som kulturhøvding. Han går frå vera ein varg i veum til ein høvding for landsmålsflokk.

Notar

- 1 Det må også nemnast at Vislie gav ut ein kortversjon av si bok i 1906, gjeve ut av Norigs ungdomslag og Studentmaallaget, men dette arbeidet blir ikkje trekt inn her i og med at det inneheld ikkje noko nytt i høve til dei to hovudutgåvene.
- 2 Boka kom ut i alt seks utgåver i tida 1901–1926, fyrste utgåva hadde tittelen *Boksoga til bruk for seminar og ungdomsskular*, siste *Boksoga for lærarskular, gymnas- og ungdomsskular*.

Litteratur

- Bakhtin, M. (1981). «Forms of Time and of the Chronotope in the Novel». I: M. Holquist (red.). *The Dialogic Imagination. Four essays by M. M. Bakhtin*. (Oms. C. Emerson, C. og Holquist, M.). Austin: University of Texas Press.
- Bjerck Hagen, E. (2019) *Norsk litteratur 1830–1875. Romantikk, Realisme. Modernisme*. Oslo: Dreyers forlag.
- Claudi, M. B. (2016). *Bakover, nordover og framover. Framskrittstro, høvdingkult, vitenskap og geografi i og omkring Kristofer Uppdals lyrikk*. Doktoravhandling. Oslo: Universitetet i Oslo.
- Egeland, M. (2000). *Hvem bestemmer over livet? Biografien som historisk og litterær genre*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Grepstad, O. (2006). *Viljen til språk. Ei nynorsk kulturhistorie*. Oslo: Samlaget.
- Haarberg, J. (1985). *Vinje på vrangen. Momenter til revurdering av en nasjonal klassiker*. Oslo, Bergen, Stavanger, Tromsø: Universitetsforlaget.
- Moe, M. (1926). *Moltke Moes samlede skrifter* (Bd. 2) Liestøl, K. (utg.). Oslo: Aschehoug & co.
- Mortensson, I. (1906). «Aasmund Olavsson Vinje». I: Austlid, A. (red.). *Lesebok for folkeskulen. Tredje bandet*. Kristiania: Alb. Cammermeyers forlag.

- Nordstoga, S. (2011). *Livshistorier på landsmål. Lesebok for folkeskolen – eit leseprogram blir realisert*. Doktoravhandling. Oslo: Universitetet i Oslo.
- Skard, S. (1938). *A. O. Vinje og antikken. Studier i norsk åndshistorie*. Oslo: Den norske Videnskaps-akademi /J. Dybwad.
- Stegane, I. (1987). *Det nynorske skriftlivet: Nynorsk heimstaddikting og den litterære institusjon*. Oslo: Samlaget.
- Time, S. (1982). «Borgaren og satyren. Moment til eit bilde av Vinje som essayist i DØLEN». I: Grepstad, O. mfl. (red.). *Essayet i Norge. Fjorten riss av ein tradisjon*. Oslo: Det Norske Samlaget.
- Vassenden, E. (2016). «En varslet sensasjon. Den tidlige mottakelsen av Knut Hamsuns *Sult*, sommeren og høsten 1890». I: Furuseth, S., Thon, J. H. og Vassenden, E. (red.). *Norsk litteraturkritikks historie 1870–1920*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Vesaas, O. (2001) *A. O. Vinje. Ein tankens hermann* Oslo: Cappelen.
- Vinje, A.O. (1897). *Norske Dikt*. Oslo: Det norske Samlaget.
- Vinje, A.O. (1975). *Ferdaminne fraa Sumaren 1860*. Bergen: Eide.
- Vislie, V. (1890). *A. O. Vinje*. Bergen: Boklaget ved Mons Litleré.
- Vislie, V. (1905). *Boksoga for lærar- og ungdomsskular*. Kristiania: Alb. Cammermeyers forlag.
- Vislie, V. (1929). *Åsmund Vinje. Liv og diktning*. Oslo: Olav Norlis forlag.
- Walton, S. J. (2008). *Skaff deg eit liv! Om biografi*. Oslo: Samlaget.